

Arkivsaknr: 2025/3049-1
Sakshandsamar: Eirik Bouwer Utne
Avdeling: Kultur

SAKSFRAMLEGG

Flaggreglement for Alver kommune - justering 2025

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner Flaggreglement for Alver kommune – 2025.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for næring, kultur og idrett

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Flaggreglementet for Alver kommune vart vedtatt den 28. oktober 2021, i KO-124/21. Det er grunnlag for ei mindre justering av reglementet knytt til einskilde markeringar og dagar.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Bakgrunnen for utarbeiding av eit flaggreglement for Alver kommune var todelt. På den eine sida var praksis i dei gamle kommunane ulik, med lokale variasjonar og tidvis uklar ansvarsfordeling. Alver hadde derfor eit grunnleggande behov for å samordne og utarbeide eit regelverk for flagging, som kunne vere styrande for heile den nye kommunen.

På same tid var forslag om endring av *Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger* på høyring. Lovendringa tredde i kraft i juni 2021, og gav kommunane utvida høve til å flagge med andre flagg enn nasjonalflagget, det samiske flagg, og kommune- og fylkesflagg.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet tilrådde kommunane å utarbeide eigne flaggreglement, eller rullere eksisterande, for å klargjere korleis lovendringa skulle ha verknad lokalt.

Erfaringar med flagging sidan 2021, samt formelle og uformelle innspel og spørsmål, tilseier at ein bør vurdere mindre justeringar i flaggreglementet.

Lovgrunnlag

Følgjande lover og forskrifter er styrande for flaggreglementet:

Lov om Norges flagg (Flaggloven)

Utforming og grunnleggande bruk av Noregs flagg

Forskrift angående bruk av statsflagget og handelsflagget (flaggforskriften)

Forskrifta fastset nærmare om bruken av flagget, offisielle flaggdagar og tidspunkt for flagging.

Forskrift om om adgang til i særlige tilfelle å benytte fremmed lands flagg ved siden av det norske flagg på kommunale offentlige bygninger

Gir høve for å flagge med framande land sine flagg på kommunale bygg og eigedomar, etter gitte føresetnader.

Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger

Lova regulerer kva for flagg som kan brukast ved kommunale bygg, eigedomar og institusjonar, og gir forbod om å bruke andre flagg en Noregs flagg, det samiske flagget eller kommune- eller fylkesflagg. Forbodet gjeld ikkje i samband med arrangement, markering eller merkedagar av ålmenn interesse. Forbodet gjeld vidare ikkje for flaggstenger på stadar som ikkje framstår som ein integrert del av kommunale bygningskompleks, eller tilsvarande for bygningskompleks som i hovudsak nyttast kommunale institusjonar.

Forskrift om bruk av det samiske flagget

Forskrifta regulerer bruken av det samiske flagget, flaggdagar og tidspunkt for flagging.

Vurdering

Eksisterande flaggdagar

Eksisterande flaggreglement har utgangspunkt i dei offentlege flaggdagane, med unntak av fire dagar.

Dei offentlege flaggdagane som er festa i *flaggforskriften* er styrande for staten, men ikkje kommunane. Det er vanleg at kommunane følgjer desse i praksis, men kommunar som har flaggreglement gjer gjerne tillegg eller justeringar. Døme på dette kan vere ytterlegare flagging i påska, lokale markeringsdagar, vennskapskommunar og nasjonaldagar i Norden.

Grunnlaget for å ikkje ta med dei fire dagane til Alver sitt flaggreglementet var økonomisk, for å redusere tal på dagar totalt, og særskild knytt til ferieavvikling i sommarmånadane. Fødselsdagane til prinsesse Ingrid Alexandra (21. januar), kronprins Haakon Magnus (20. juli) og kronprinsesse Mette-Marit (19. august) vart ikkje tatt med. Det same gjeld olsokdagen 29. juli.

Til justert flaggreglement er det vurdert at olsokdagen bør leggst inn, som ein viktig merkedag for Noreg, kristendomen i landet og opphav til ei lang rekke tradisjonar både i eldre og nyare tid.

Det er òg vurdert at Alver kommune bør gå over til å flagge på alle statlege offentlege flaggdagar, inkludert dei tre kongelege fødselsdagane som ikkje har vore med. Fordelen med

dette er at Alver vil automatisk ta med endringar i *flaggforskriften*, utan at dette medfører eiga lokal sakshandsaming og nye vedtak.

Kommunedirektøren rår derfor til at justert flaggreglement følgjer flaggdagane i *flaggforskriften*, inkludert olsok, alle kongelege fødselsdagar og framtidige justeringar frå statleg hald.

I tillegg flaggar Alver 8. mars med nasjonalflagget, med FN-flagget og nasjonalflagget den 24. oktober, og med regnbogeflagget og det nasjonalflagget den 28. juni eller annan aktuell dato.

Den internasjonale kvinunedagen vert markert av fleire kommunar som har eigne flaggreglement, og har vore ein merkedag over lenger tid.

FN-dagen og markering med regnbogeflagg vart nytta gjennomgåande som døme på merkedagar av departementet i samband med lovendringsprosessane i 2020-21, og vart lagt inn som merkedagar i Alver sitt flaggreglement. I åra etter lovendringa har markering av desse merkedagane vorte meir og meir utbreidd. *Kultur som drivkraft* – kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023–2035 legg fram at *vi skal markere mangfald* (s.40), og handlingsprogrammet har aktivitet/tiltak *vidareutvikle mangfaldskommunen/aktivt støtta og inkludera markeringar for likeverd og mangfald* (s.7, rullering 2024-2027 [s.19 opph. handlingsprogram]).

Kommunedirektøren rår til at 8. mars, den internasjonale FN-dagen 24. oktober, og markering av pride med regnbogeflagg vert teke med vidare i justert flaggreglement.

Andre merkedagar

Det er i samband med justeringa vurdert om lokale merkedagar skal leggst inn, til dømes i samband med kjende personar sine fødselsdagar eller i samband med krigshendingar. Ein har vurdert til at det ikkje er tradisjon i området for å markere einskilde personar på denne måten, og ikkje gått vidare med kartleggingar eller nærmare vurderingar av dette.

Når det gjeld særlege merkedagar i samband med krigshendingar har vi til dømes hendingane på Store Urdal, Stussdalen og setrene, som fann stad i tida rundt frigjeringsdagen 8. mai. Shetlandsfarten med fluktrute over Manger, Skageneset og i vikane sør for Hella er ikkje utan vidare knytt til ein enkeltdag, men til innsats som gikk over fleire år. Ei breiare kartlegging kan gjerast, men vil krevje medverknad. Alver kommune har tradisjon for å markere 8. mai som ein viktig merkedag, som rommar breie perspektiv frå krigen, frigjeringa og innsats. Kommunedirektøren rår til å halde fokuset på 8. mai som markering av krigshendingar, innsats og veteranar i vår kommune.

Alver kommune har ikkje tradisjon for å flagge på nordiske land sine nasjonaldagar, slik somme kommunar har. Det er band mellom Alver, Radøy og Fergus Falls i Minnesota, USA, knytt til etableringa og utviklinga av Vestnorsk utvandringssenter. Dette er likevel ikkje ein offisiell vennskapskommune for Alver. Kommunedirektøren finn ikkje grunnlag for å tilrå merkedagar av denne typen til justert flaggreglement.

I samband med forarbeidet til eksisterande flaggreglement vart det gjort vurderingar knytt til andre internasjonale FN-merkedagar: internasjonal eldredag 1. oktober, internasjonal dag for

frivilligheit 5. desember, internasjonal barnedag 20. november og internasjonal dag for menneske med nedsett funksjonsevne 3. desember.

Desse fire dagane vert på ulike måtar markert i Alver, reflekterer viktige grupper, styrande kommunale råd, og kan ha naturlege grunnar for markering. Likevel har FN mange merkedagar. Vurderinga er at markeringa av FN-dagen 24. oktober bør òg sjåast på som markering og representasjon av alle FN-merkedagar.

Kommunedirektøren rår ikkje til å legge til andre FN-merkedagar til justert flaggreglement.

Kvenfolkets flagg og markering av nasjonale minoritetar

Dei siste åra er det kome innspel og spørsmål knytt til markering av Kvenfolkets dag 16. mars, med Kvenflagget. Kvener/norskfinner er ein nasjonal minoritet i Noreg, i lag med jøder, skogfinner, romer og romanifolk/tatere, og kvensk er eit nasjonalt minoritetsspråk. Markering av kvener/norskfinner bør vurderast i høve til merkedagar og flagg for andre nasjonale minoritetar, som til dømes den internasjonale romdagen 8. april.

Vurderinga til justert flaggreglement er at ein i tilfelle bør markere alle nasjonale minoritetar, òg grunna i at kvenene/norskfinner åleine ikkje har ei direkte historisk tilknytning til Alver.

Kommunedirektøren rår ikkje til å legge til Kvenfolkets dag eller markeringar av andre nasjonale minoritetar til flaggreglementet.

Tidspunkt for markering med regnbogeflagg

Ei utfordring i forarbeidet i 2021 gjaldt tidspunkt for å markere med regnbogeflagg. Restriksjonar grunna i pandemien gjorde at arrangementsaktiviteten generelt var låg. Pride-markeringar i Alver var òg berre i oppstartsfase, og første gong skipa til i 2022. Det vart derfor vurdert at 28. juni kunne vere eit utgangspunkt, men med høve for å flytte flagginga til andre tidspunkt, for å kunne tilpasse til eventuelle framtidige lokale pridemarkeringar.

Juni månad har vore assosiert med pridemarkeringar i fleire år, til dømes i Oslo og Bergen. I åra etter flaggreglementet vart vedteke har tidsperioden regnbogedagane i Bergen går føre stått fram som ei tid der pride vert markert i større grad òg i omegnskommunane til Bergen, til dømes av aktørar innan opplæring, bedrifter og offentlege institusjonar.

I dei siste åra har Alver flagga med regnbogeflagget den 28. juni, og i tillegg under Alver pride på ettersommaren. I 2025 vert Alver pride skipa til i juni, i same tidsperiode som regnbogedagane i Bergen.

Til justert flaggreglement er det vurdert at ein bør primært flagge i tilknytning til arrangement under Alver pride, og sekundært i samband med dagen for sjølve hovudarrangementet under regnbogedagane i Bergen.

Det er vurdert om ein kan flagge med regnbogeflagget over ein lenger periode.

Eksisterande flaggreglement legg til grunn at alle flagg skal heisast og senkast i tråd med reglane for nasjonalflagget, noko som vert vurdert at bør halde fram. I tillegg skal FN-flagget og regnbogeflagget stå i lag med nasjonalflagget, og ikkje verte flagga åleine. Ein lenger

flaggperiode vil medføre dagleg heising og senking, som krev økonomiske ressursar og som bind opp tid for driftsvaktordninga.

Kommunedirektøren rår til å endre flaggtidspunkt til å samsvare med Alver pride, sekundært regnbogedagane i Bergen.

Samla tilråding til justering:

Alver kommune bør følge flaggdagane gitt i *Forskrift angående bruk av statsflagget og handelsflagget*, og halde fram med flagging ved kvinnedagen 8. mars, FN-dagen 24. oktober og markering med regnbogeflagg.

Alver kommune bør endre tidspunkt for å flagge med regnbogeflagget til å finne stad i samband med markering av Alver pride. Om ikkje slik markering vert arrangert bør kommunen flagge under hovudarrangementet ved regnbogedagane i Bergen.

Ansvar

Sidan 2021 er det komme spørsmål om kommunens drift- og vedlikehaldsteneste kan ta ansvar for å flagge andre stadar enn på rådhus og kommunehusa i samband med 17. mai. Spørsmål og førespurnadar frå innbyggjarane om flagging var ein del av bakgrunnen for at eit flaggreglement var sett på som naudsynt, då situasjonen var svært uoversiktleg.

Eksisterande flaggreglement legg fram at kommunen pliktar seg til å flagge på flaggstenger ved rådhus/kommunehus i Knarvik, på Frekhaug og på Manger. Ved andre flaggstenger er det adgang, men ikkje plikt, til å flagge på offentlege og kommunale flaggdagar, og ved arrangement, markeringar og merkedagar av ålmenn interesse.

Flagging på 17. mai er kostbart, og krevjande med omsyn til bemanning. I tillegg bør ein vurdere andre problemstillingar:

- (1) Det kan vere ei oppfatning om at ein flaggstang er kommunal, når denne er privat.
- (2) Det kan vere ei oppfatning om at det er kommuneorganisasjonen som vanlegvis har flagga, når om det er private/frivillige/andre institusjonar som har sørgja for flagg.
- (3) Kommuneorganisasjonen har tidlegare flagga på private flaggstenger, som no vert flagga av eigar.
- (4) Kommunalt tilsette er involvert som frivillige innbyggjarar i gjennomføring av 17. mai lokalt.
- (5) Fleire stadar i kommunen er det tradisjon for at lokalsamfunnet sjølv sørgjer for flagging på 17. mai, inkludert på kommunale flaggstenger.



- (6) Sidan flaggreglementet vart vedteke har 17.mai-komitear og andre sørgja for flagging sjølv, noko som har etablert seg.

I 2021 var det kartlagt 30 17. mai-komitear i Alver kommune. Det reelle talet er likevel truleg noko høgare. Desse har ulik struktur og samansetning, og representerer ei årleg vidareføring av lokale tradisjonar og handlemåtar. I tillegg vil det ofte vere ei rekke førebauande oppgåver i lokalsamfunnet, som ikkje er del av ei felles oversikt. I 2021 vart det vurdert til at det ikkje er mogleg å skaffe ei kvalitetssikker oversikt over praksis og behov i alle delar av kommunen, og at ein ikkje ville kunne garantere for at informasjonen held seg rett frå år til år. Det vil vere risiko for at kommunen tek på seg oppgåver som innbyggjarar har som del av eigen tradisjon.

Kommunedirektøren rår til at kommunen held fram med å plikte seg til flagging på rådhus/kommunehusa i Knarvik, på Frekhaug og på Manger, og elles berre gi adgang til flagging.

Andre justeringar

Det er gjort justeringar i kapittel 2: samanslåing av fleire punkt gjeldande ulike typar flaggstenger, samt overgang til formuleringane *plikt til flagging* og *adgang til flagging*. Punkt 3.6 er *kommunale verdier* endra til *opne, demokratiske verdisett*. Det er presisert kven som avgjer adgang til å flagge.

Økonomiske konsekvensar

Økonomisk kostnad ved å auke opp med fire flaggdagar vil ligge på mellom 8 000 til 16 000 kr, avhengig av om dagen er på vekedag eller helg/raud dag. Det er særleg arbeidet om kvelden som har ein kostnad ved seg. Å flagge ein gong på tre lokasjonar kostar kring kr 2 000 på ein vekedag og kr 4 000 på ein helgedag.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til å gjere justeringar i flaggreglementet, som skissert under *samla tilråding til justering*. Utkast til justert flaggreglement ligg ved saka.

Vedlegg

- 1 Flaggreglement for Alver kommune - 2025
- 2 Flaggreglement for Alver kommune 28.10.2021 - KO-124-21